

**Til**

Finansdepartementet
Ole Todal Jenssen
postmottak@fin.dep.no

Melding om vedtak gjort i Hardangerrådet 17.9.2015

Særutskrift:

**Sak 34/15 Høyring om eideomsskattelegging av arbeidsmaskiner mv. i verk og bruk
Vedtak:**

Hardangerrådet gjev slik uttale i saka:

Hardangerrådet iks vil på det sterkaste åtvare mot ei lovendring slik ein her tar til orde for. For kommunane er denne skatten eit vesentleg bidrag til den kommunale inntekta og eit bortfall av deler av eller all eideomsskatt på maskiner mv. i verk og bruk vil få umiddelbar verknad for det kommunale tenestetilbodet.

Etter Hardangerrådet sitt syn inneber forslaget at kommunane sitt sjølvstyre vert svekka og forslaget er dermed i strid med Sundvollen-erklæringa som slår fast at kommunane skal behalda ein større del av dei inntekter som vert skapte lokalt.

Hardangerrådet er såleis sterkt ueinig med Finansdepartementet sitt forslag til endringar i eideomsskattelova.

Hardangerrådet ynskjer ikkje at det vert gjort endringar i eideomsskattelov § 4.

Produksjonsutstyr og – installasjonar må framleis vera ein del av skattegrunnlaget

Eideomsskatten må framleis vera ein kommunal skatt, der kommunane også har ansvar for verdisetjing

Hardangerrådet støttar resolusjon og høyringsuttale frå Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar (LVK)

som ber Regjeringa om å forkasta forslaget til endringar i reglane om eideomsskatt

Kinsarvik 18.9.2015

Med fruktbar helsing Hardangerrådet iks

Jostein Eitrheim

Dagleg leiar

Hardangerrådet iks signerar digitalt